

Leseglæde!

Hausten er ei fin tid for gode lesestunder både i barnehage, småskule og i heimen. Pirion presenterer her eit lite utval bøker som er komne ut i år.



Treng de fleire boktips finn de alle bøkene me har meldt på <http://www.pirion.info/les-for-meg>.

Leseglede!

Foto: Samlaget




- Kvifor er kulturformidling for barn viktig?

Det er viktig med kulturformidling til barn, fordi kultur gir oss alle høve til å sjå verda og livet på nye måtar og frå nye kantar. Om ein ikkje har kulturformidlarar, får ikkje alle barn høve til å sjå og oppdage verda med nye og uvande auge, og då har vi eit demokratisk problem.

Kulturen er for alle, også dei som ikkje har opplagde vegvisarar inn i kulturen.

Det er her formidlarane spelar ei utruleg viktig rolle.

Ragnfrid Trohaug
forlagsredaktør Samlaget Litteratur



Bøllene

Av: Bo Gaustad

Cappelen Damm 2013

Dette er ei surrealistisk historie der alt kan skje. Me kjenner igjen figuren Birger frå boka Dessert. Birger er ein farleg figur, med kraftig underbitt og skarpe tenner. Men no har det kome framande inn i hundehuset.

Sju bøller har teke seg inn i huset og truar både freden og roen. Bo Gaustad er ein einar til å teikne det merkelege, skumle og uventa. Dei sju bøllene syng seg inn i hundehuset med strofer som: Vi er bøller, 7 i slengen. Slemme bøller hele gjengen. Alltid klare til å slåss. Hele verden frykter oss.

Historia inneheld mange små drypp som dette, som gjerne kan minne om regler og rim – og kamprop. Birger lèt seg derimot ikkje så lett skremme og gjer seg klar til kamp; han gjev ikkje hundehuset frå seg slik utan vidare. Kanskje litt gammalost-lukt kan hjelpe?

Bo Gaustad er utdanna ved Statens handverks- og kunstindustriskule og har forfattarutdanning frå Norsk barnebokinstitutt. Ho har illustrert ei rekke biletbøker. I 2008 debuterte ho også som forfattar.


Judith Sørhus Litlehamar

Kakerlakken med den stygge frakken ... og hovudet fullt av triste tankar

Av Martine Grande

Samlaget 2013

Kakerlakken med den stygge frakken er redd for å blø, redd for å dø og redd



for å leve.

Når hausten kjem og sola forsvinn, lurar kakerlakken på kor han skal finne glede igjen? Aller mest håpar han at nordlyset vil kome og ta han med seg, eller kanskje det kjem ein reddande engel?

Kakerlakken møter på ord som haustredsle og vinterdepresjon hjå legen, og set dermed ord på noko mange vil kjenne seg att i. Men korleis halde på gleda når det blir mørkt og vinteren et seg innpå? Og korleis kan ein halde på gleda når alle mobbar deg for ein stygg frakk?

Teksten er brukt som eit grafisk element i boka, noko som gjer lesinga meir spanande og full av overraskingar. Her buktar tekstlinjene seg i takt med nordlyset og stetoskopet til legen. Det gjev puls til lesaropplevinga.

Det meste kjem seg når kakerlakken møter ein nattsvermar som likar seg på utelampa. Når kakerlakken forstår at også nattsvermaren er redd for det meste, skjønar han at han ikkje skil seg ut, og det meste av mørkeret blir lytt igjen.

Judith Sørhus Litlehamar

Peri og Peti vender om

Av: Helga Gunerius Eriksen

Samlaget 2013

Helga Gunerius Eriksen har skrive over tjue bøker for alle aldrar og i alle sjangrar. No kjem ho med ei fantasirik og fargerik biletbok for barn.

Me møter Peri og Peti, som vågar seg ut i den store verda for å oppleve, smake, føle og lukte på alt som er der ute. Peri og Peti går oppover bakkar, luktar på blomar, kjenner på vatn og hamnar ute



på det store havet. Det er spanande å vere ute i den store verda, men når farane dukkar opp, er det viktig å kome seg raskt vekk.

Boka er nesten som eit stykke handarbeid. Ho har tydelege grafiske innslag av ulike materiale, knappar og syteknikkar. Gunerius Eriksen har i tillegg illustrert handlinga gjennom detaljrike teikningar. Borna følgjer visuelt med Peri og Peti når dei vandrar oppover og nedover, når dei høyrer, og når dei luktar.

Forlaget skildrar boka som ei enkel bok om store ting. Det er mykje sant i det. Det er tydeleg at Gunerius Eriksen trekkjer parallellear til peripeti, eit uttrykk som Aristoteles i bokverket Poetikken nyttar til å skildre det store vendepunktet i antikke dramaverk. Tittelen Peri og Peti vender om spelar òg på eit slikt plutsleleg omslag i handlinga.

Boka gjev ei var og vakker reise gjennom store spørsmål.

Judith Sørhus Litlehamar

Unni og Gunni gjer det fint

Av: Anna R. Folkestad

Samlaget 2013

Me kjenner igjen Unni og Gunni frå bøkene *Unni og Gunni reiser* og *Unni og Gunni malar*. No kjem boka *Unni og Gunni gjer det fint*. Desse bøkene er også komme som bokappar. Anna R. Folkestad debuterte i 2011 med biletboka *Henrik And*.

Pingvinane Unni og Gunni er gode venner som prøver å finne gode løysingar på kvardagsproblem. Historiene og problemstillingane er enkle og lette å fylgje, også for dei minste barna. I boka *Unni og Gunni gjer det fint* skal vennene pusse opp igloen sin, men kva må til for at dei skal få det fint?

Dei finn både små ting, store ting, fir-kanta ting og runde ting. Og jo, dei får det ganske så fint, tykkjer dei sjølve. Som i dei

andre bøkene er Folkestad oppteken av kontrastar og av å forklare ulike omgrep om storleik og tyngde.

Mange av dei unge lesarane har nok blitt godt kjende med Unni og Gunni og vil gle seg over at dei kjem i ei ny bok. Bøkene er dessutan lette å bere rundt på og bla i for dei minste. I tillegg inneholder teikningane få element, noko som gjer historia lett å fylgje.

Judith Sørhus Litlehamar

Luisa og Ugla

Av: Lisbeth Dreyer

Skald 2013

Dette er ei fin historie om eit litt uvanleg vennskap. Jenta Luisa bur saman med Ugla i eit tre. Når Luisa spelar på fiolin sin, flyg Ugla dansande glad rundt henne. Men så kjem alle kommentarane: Ei jente og ei ugle, dei kan no vel ikkje vere venner? Jenta blir lei seg og reiser frå Ugla.

Så byrjar ei slitsam reise der jenta møter mange fantasifulle personar, blant anna ein stram offiser, ein rotkekoppmann og ein liten prins. Men finn ho attende til Ugla og vennskapet? Og saknar Ugla fiolinmusikken?

Biletboka passar godt for dei eldste borna i barnehagen og dei yngste i barneskulen. Ho inneholder flotte og gripande teikningar, teikningar som har noko eventyrtakig over seg. Vennskap er ikkje alltid like enkle å halde på dersom alle andre meiner det er dumt. Mange av borna vil kjenne seg att i dette, og boka viser dei at det viktigaste er vennene ein har, og ikkje andre sine meiningar.

Ei bok med mykje hjartevarme og noko til ettertanke – både for stor og liten.

Judith Sørhus Litlehamar

Vi skal på bjørnejakt

Av Michael Rosen og Helen

Oxenbury

Omsett til norsk av Åse Enerstvedt Mangschou 2013

Det er ikkje enkelt å gå på bjørnejakt; det er mange hindringar ein må forbi før ein endeleg ser hiet og bjørnen, og på toppen av alt så er det jo ganske skummelt.

Denne boka er basert på den tradisjonsrike regla om dei som skulle på bjørnejakt. For å kome til bjørnen må dei gjennom svaiande gras, ei djup og kald elv, gjørme, ein mørk skog og ein ekte snøstorm. Først etter alle desse strabasane kjem dei fram til den tronge, skumle hola. Lurer på kven som bur inni ho?

Teksten er musikalisk og taktfast og lett å lese høgt. Orda er grafisk sett opp på ein måte som underbyggjer teikningane og bileta. Medan sjølv hindringane er skildra i svart-kvitt, er teikningane fargerike når dei kjem seg over den djupe elva eller gjennom den tette skogen.

Teksten inneholder også fine lydkildrin-gar, anten det er av borna som snublar og ramlar i skogen eller trør seg gjennom sørpe, eller det er av snøstormen som bles rundt dei. Dette er lydar som er enkle å illustrere med leik og handling.

Biletboka gjev også dei minste lesarane ei god oppleving av ei spanande ferd gjennom eit variert landskap. Boka høver truleg best for dei mellom 3 og 6 år.

Judith Sørhus Litlehamar

Treng de fleire
boktips finn de alle bøkene
me har meldt på <http://www.pirion.info/les-for-meg>.

EG FANN, EG FANN!

Einar Økland er ein samlar. Heime i huset hans i Sveio i Sunnhordland står samlingane stilte ut for dei heldige som får koma innom. I tillegg til mellom anna gamle blekkboksar samlar han på ord og forteljingar. Dermed vart temaet for årets Falturiltu nettopp: Eg fann, eg fann! Og Økland er festivaldiktar dette året.

Og kva finn du dersom du tek turen til Stord i festivalveka, veke 45? Då finn du litt av kvart, kan eg lova. Alt på opningsfesten sundag 3. november kan du møta Einar Økland. Der er også Frode Grytten og Mads Børven med Gabba Gabba Hey!, og det blir song, musikk og dans av og med ungar og ungdom frå lokale grupper.

Ivar Aasen var også ein samlar. Han samla på ord frå heile landet og sette dei i system. I år er det 200 år sidan han vart fødd, og det blir feira med ein heidundrande bursdagsfest saman med Språkåret 2013.

Dei siste åra har fotballbökene hatt sin eigen falturiltufest: Ballturiltu. I år kjem Erik Mæland frå Fotballklubben Haugesund, og Kristi Skorpen og Sirilin Aaserud presenterer den flett nye lettlestboka si om fotball.

Har du nokon gong prøvd å laga ditt eige museum? Sunnhordland museum inviterer skuleungar til samledag,

der dei kan få prøva å laga si eiga utstilling og får sjå alt det som museet har samla på gjennom mange år.

Studentane på Høgskolen Stord/Haugesund har ein travel haukt i vente. Dei skal komponera eigne melodiar til dikt av Einar Økland og produsera sin eigen musical basert på ei av bökene hans, og mange heldige skuleungar får lov til å koma og sjå på.

Dei vaksne skal også få sitt, sjølvsgått. Det blir eit eige seminar om samanhengen mellom tekst og bilet og ikkje minst Raltura, avslutningsfesten med Finn-Erix, Are Kalvø, Einar Økland og Oddvar Torsheim. Snakk om å toppa laget!

Heile veka reiser i tillegg inviterte barne- og ungdomsbokforfattarar rundt på skulane og syter for at veka blir prega av gode litterære opplevingar for skuleungar i alle aldrar.

Har du lyst til å vera med, sa du? Det er berre å koma! Han som leitar, han finn, og du veit aldri kva tid du får bruk for det du har samla på.



HEGE MYKLEBUST
ER MEDLEM AV
PROGRAMKOMITÉEN
TIL DEN NYNORSKE
BARNEBOKFESTIVALEN
FALTURILTU

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

[BOKPRAT](#) | [MIN BARNEHAGE](#) | [LES FOR MEG](#) | [AKTUELL](#)

[Facebook/pirion](#) [@avasapirion](#)

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitime brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no